

Foretaksmodellen må erstattast av ein meir folkestyrt modell!

Møre og Romsdal SV er svært uroa over utviklinga i sjukehussektoren i Norge. Foretaksmodellen, der helsetjenester har vorte varer, er urovekkande. Byråkratar i toppstillingar vedtek innstrammingar i sjukehusa. Dei vil legge ned mindre sjukehus for å bygge gigantsjukehus. Ein slik sjukehusmodell er brukarane ikkje tjente med.

Folk skal ha lik rett til gode helsetjenester uavhengig av kor hen ein bur eller hensyn til lønnsomheit.

Då treng vi tilbode og kompetansen vi finn til dømes i DPS Sjøholt, og dei spesialiserte rehabiliteringssentra på Aure og Mork.

Dei ivrigaste forkjemparane for føretaksmodellen da den vart innført i 2001 var AP, H og FRP. Her finn vi dei som protesterer mest høglytt i dag. SV stemte mot i 2001. Vi meiner framleis at føretaksmodellen må skrotast, og at sjukehusa på nytt må kome under demokratisk folkevalt styring.

Det handlar også om å ta dei tilsette, og spelereglane i arbeidslivet på alvor. Eit benkeforslag om å kutte 200 stilling viser liten respekt for lover og avtalar i det regulerte arbeidslivet.

Foretaksmodellen må erstattast av ein meir folkestyrt modell.